

# Regattautvalget sitt ansvarsområde 2013

Utvalet har ansvar for å utvikle og avvikle Ran sine terminfesta regattaer.

## Utvalet skal

- Lage invitasjonar til regattaer
- Publisera invitasjonar seinast 4 veker før regattaen
- Lage seglingsvedtekter og deltakarlistar
- Planleggja tryggleiksopplegget på jolleregattaer i samarbeid med jollegruppa
- Syta for at *dei regattatekniske sider* ved arrangementa held god kvalitet
- Halde premieutdeling
- Evaluere dei enkelte arrangementa og fremja forslag til forbetringar
- Delta på kurs for å heva kompetansen i utvalet
- Fremja forslag til investeringer/tiltak for å forbetra avvikling av arrangement
- Bidra med kunnskap/kurs for å auke kompetansen for regatta-avvikling i klubben
- Fremja forslag til budsjettposter for regattavvikling
- Vedlikehalde og fornye regattautstyr etter vedtatte budsjett
- Kjøpe inn premiar
- Organisere drift og vedlikehald av sikringsbåten

Presisering av kva som ligg under *dei regattatekniske sider* ved arrangementa:

## Seinast dagen før

- Publisera deltakarliste og seglingsvedtekter
- Sjekka alt utstyr som skal brukast under regattaen
- Evt. halda regattakontoret ope
- Vera oppdatert på vêrmelding for å kunne løpande vurdere tryggleiken for arrangør og deltakarar
- Ha klar naudsynt mannskap til startbåt og bøyebåt

## Regattadagen

- Vera oppdatert på vêrmelding og tidevatn
- Halda regattakontoret ope
- Løpande vurdere tryggleiken for arrangør og deltakarar
- Gjera klar bøyebåt med bøyer, tau og ilesteiner
- Gjera klar startbåt med flagg, lydsignal, nummerskilt, vindmåler, klokke, seglreglement, sambandsutstyr, kontormateriell
- Leggja bane, vurdere løpsalternativ, instruera offisielle følgjebåter og evt. skipstrafikk
- Leggja startlinje, gjennomføre startprosedyre, vurdere tilbakekalling, vurdere merkeflytting, vurdere avkorting/annulering, leggja mållinje, ta målgang, evt. lage resultatliste, rydde merker

## På land etter seglinga

- Halda regattakontoret ope
- Opplysa protestfrist
- Opplysa om evt. innkomne protester og juryen si handsaming av desse
- Opplysa om premieutdeling
- Laga resultatliste og banerapport
- Publisera resultatliste
- Halda premieutdeling
- Rydda utstyr som har vore i bruk på rett plass
- Evaluere arrangementet

Merk at fylgjande punkt er **ikkje** ein del av regattautvalet sitt ansvar ved avvikling av regattaer:

- Skaffa sponsorar
- Syta for kiosk/suppe/kaffi
- Vera hamnesjef
- Laga tekst/foto/video frå seglasen
- Syta for mediedekning/vera pressekontakt
- Vera motorkyndig mekaniker



Regattautvalget i Ran Seilforening 2013  
Kjell Magnus Økland (leiar)      Leif Jørgen Ulvatne  
Rolf Hermansen      Torstein Blø